

VR-sak 17/17: Vestlandsfylka si samhandling med Innovasjon Noreg på det internasjonale feltet.

Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet fekk i mai 2017 (jf. VR-sak 11/17) framlagt ei sak om fylkeskommunane sitt samarbeid med Kina. I handsaminga av saka vart det også drøfta ein meir generell bruk og koordinering av offentlege verkemiddel i internasjonalt samarbeid, særleg med tanke på tilhøvet mellom fylkeskommunane og Innovasjon Noreg. Vedtakspunkta frå sak 11/17 «Regionsamarbeidet med Kina – status, problemstillingar og strategi for vegen vidare» var slik:

1. Vestlandsrådet understrekar at Kina er ei økonomisk og politisk verdsmakt, og at kinesisk språk og kultur vert viktig i vidaregåande opplæring i åra framover.
2. Kina utgjer ein viktig marknad for norsk næringsliv, og det har vore utstrekkt handel sjølv i periodar med eit anstrengt og til tider dårleg politisk klima. Politikarar som «døropnarar» eller generelle samarbeidsavtaler har ikkje vore avgjerande for handel eller investeringar i Kina.
3. Vestlandsrådet legg til grunn at kvar av dei fire fylkeskommunane sjølve finn sin måte å samarbeide med regionar i Kina på, og at Vestlandsrådet framleis vil vere ein naturleg arena ved behov for nærmere koordinering og når det er aktuelt å samordne aktørane politisk på tvers av fylkesgrensene.
4. Vestlandsrådet ber om at det vert lagt fram ei eiga sak til møtet 25. oktober som ser nærmare på fylkeskommunane og Vestlandsrådet sitt samarbeid med Innovasjon Noreg internasjonalt.

I denne saka vil fylkesrådmannen ta føre seg Vestlandsrådet si bestilling i punkt 4.

Om fylkeskommunens internasjonale engasjement

Internasjonalt engasjement er ein naturleg og integrert del av fylkeskommunane sitt oppdrag som regionale samfunnsutviklarar. Dette gjeld m.a. innanfor regional politikk og på område med stor tyding for regional utvikling som næringsutvikling, kompetanse og samferdsle. Gjennom internasjonale nettverk og organisasjonar kan fylkeskommunane påverke europeiske rammeverk som vil få tyding for regionalt arbeid. Fylkeskommunar kan vere fullverdige medlemer i internasjonale organisasjonar, medan ein på nasjonalt nivå må forhalde seg til formelle rammer styrt av EØS-avtalen. Internasjonalt samarbeid, erfaringsutveksling og politikkutvikling gjev innspel til løysingar på regionale utfordringar.

Fylkeskommunane rettleier og mobiliserer privat sektor, kulturliv og kommunar til internasjonalt arbeid og deltaking i EU-program. Gjennom deltaking på ulike internasjonale arenaer, opptrer fylkeskommunane som «døropnarar» for aktørar i regionen. I Meld. St. 22 (2015-16) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» understrekar departementet at det er viktig at regionalt folkevaltt nivå tek eit tydeleg ansvar for internasjonalt arbeid, gjennom deltaking i europeiske nettverksorganisasjonar på politisk og administrativt nivå, og gjennom engasjement og deltaking i europeiske program og prosjekt.

Om Innovasjon Noreg sitt internasjonale engasjement

Innovasjon Noreg skal medverke til nyskaping i næringslivet, utvikling i distrikta samt utvikling av konkurransedyktige norske bedrifter. Det internasjonale engasjementet er knytt til internasjonalisering av

Vestlandsrådet

norsk næringsliv og profilering av Noreg som reisemål – og ein er representert med «utekontor» i meir enn tretti land.

Innovasjon Noreg har kjennskap til internasjonale marknader. Rådgjevarane ved utekontora kjenner den lokale marknaden og kan identifisere moglegheiter, samstundes som dei kjenner norske bedrifter og deira behov. Utekontora kan hjelpe til med å legge til rette, førebu og gjennomføre møte med potensielle kundar eller samarbeidspartnarar. I tillegg kan Innovasjon Noreg bidra med praktisk assistanse knytt til etableringar utanlands.

I tillegg organiserer Innovasjon Noreg nasjonale paviljongar på viktige fagmesser, og er ansvarlege for delegasjonsreiser. Det gjeld både delegasjonsreiser for norske bedrifter som skal utanlands, og for utanlandske aktørar som ønskjer å vitje Noreg. I siste døme koordinerer Innovasjon Noreg t.d. program for delegasjonen med tett kontakt med andre lokale og regionale partnarar.

Innovasjon Noreg administrerer norsk bruk av nettverket Enterprise Europe Network; verdas største rådgjevingsnettverk for bedrifter. Gjennom nettverket kan Innovasjon Noreg medverke til å finne marknadsmoglegheiter, teknologi, prosjekt og bedriftspartnarar i utlandet. I tillegg forvaltar Innovasjon Noreg ansvar på vegne av Utanriksdepartementet og midlar til Green Industry Innovation-programmet, og rapporterer til sekretariatet FMO - Financial Mechanism Office i Brussel.

Samarbeid mellom Innovasjon Noreg og fylkeskommunane på Vestlandet

Tilhøvet mellom Innovasjon Noreg og fylkeskommunane er i stor grad prega av eit godt samarbeid, der det er relevant og klar ansvarsfordeling knytt til arbeidsområde. Eit døme på samarbeid mellom fylkeskommunane og Innovasjon Noreg er mobiliseringa til «Horisont 2020»; EU sitt program for innovasjon og forsking. Forskningsrådet har finansiert EU-nettverk som dekker alle Vestlandsfylka; Horisont 2020 Nordvest, Horisont Vest og EU-nett SFJ.

Forutan fylkeskommunane og Innovasjon Noreg er forskingsmiljø og klynger breitt representerte. I Hordaland har ein i tillegg hatt eit supplerande Hordalandsspesifikt samarbeid med føremål å styrke det regionale arbeidet med mobilisering til Horisont 2020. I dette samarbeidet har det vore identifisert eit sett med viktige samfunnsutfordringar for Hordaland fylke som kan løysast best gjennom eit europeisk samarbeid.

Eit anna døme på samarbeid er Norsk regionalt Kina-forum. Forumet er eit administrativt organ for representantar frå norske byar og fylke som har eit Kina-engasjement, samt representantar frå nasjonale styresmakter, Innovasjon Noreg og utdanningsinstitusjonar. Føremålet har vore informasjonsutveksling og kompetansebygging, med moglegheit for å utnytte at aktørane har ulike mandat, nettverk og midlar.

Innovasjon Noreg har nyleg etablert eit Kunnskapskontor i Brussel i samarbeid med Noregs forskningsråd og Senter for internasjonalisering av Utdanning, SIU. Det er allereie etablert kontakt mellom Kunnskapskontoret og dei vestnorske regionkontora.

Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

Vestlandsrådet

1. Vestlandsrådet tek orienteringa om rådet og fylkeskommunane sitt samarbeid med Innovasjon Noreg internasjonalt til vitande.
-